



Kent Roy Gullaksen
Ådlandsvegen 1003
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/851 - 16/7803

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
20.04.2016

Frådeling av parsell til naust på GBNR 37/4- Trong for tilleggsdokumentasjon

Meland kommune har gått gjennom Dykkar søknad om frådeling av to nausteparsellar på gbnr 37/4 på Søre Ådland og ser at det er trong for tilleggsdokumentasjon.

Tiltaket på gbnr 37/4 ligg i kommuneplanen sin arealdel (KPA) som framtidig naustområde (NA_20). Men deler av arealet som er søkt frådelt, ligg i kommuneplanen regulert til Landbruk, natur og friluftsområde (LNF). Vedlagt ligg eit kart som viser tiltaket og arealformåla. I tillegg ser vi at tiltaket er innteikna i kartet der arealet er definert som sjøareal, og at det vil vera behov for utfylling i sjø slik det no er planlagt.

Administrasjonen er kjent med at vågen der planlagt tiltak ligg er grunn, og naustformålet i kommuneplanen er strekt utover holmene som ligg i kartet (over definert sjøareal) mot landarealet som ligg som LNF-område. Utfylling i sjø kan vera aktuelt innafor naustformålet, men slik tiltaket no ligg går det utanfor det som er avsatt til naust i kommuneplankartet.

- Dersom tiltaket skal godkjennast slik det no ligg (ved at deler ligg i sjø, og deler i LNF-område), er det først avhengig av at det vert gitt dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen, samt 100 meters beltet til sjø, jmf. Plan- og bygningslova §§ 1-8 og Kap. 19.

No gjeldt tiltaket frådeling til nausteparsellar, og sjølve prosjektering av tiltaket vert handsama i byggesaken. Etter ein foreløpig vurdering ser administrasjonen ut i frå innsendt dokumentasjon at det vil bli vanskeleg å tilrettelegge for to parsellar på dette arealet. Tiltaket er i strid med kommuneplanen, og administrasjonen ber om at tiltaket vert tilpassa eksisterande formål eller at det blir søkt om dispensasjon.

Tiltaket må ikkje setjast i gang før løyve etter Kap. 20 i Plan- og bygningslova ligg føre. Dykkar søknad vert lagt i ventearkiv, i påvente av at manglande dokumentasjon vert innsendt. Når søknaden er komplett vil saka verta teke fram til ordinær handsaming.

Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20160420104013

Mottakere:

Kent Roy Gullaksen

Ådlandsvegen
1003

5918

FREKHAUG